



# NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Dokument:	
2008/00523	- 15
Dato: 14 NOV 2008	
ASR/SKOG/HVA/	483.2
ASR/SKOG/HVA/	483.2

Dykkar ref.:200800523-/SBO

Vår ref.:521/JPL

Dato: 14. november 2008

## HØRING: ENDRING I FORSKRIFT OM SETER OG TILLEGGSJORD M.M I STATSALMENNING

Det vises til høringsbrev fra Landbruks- og matdepartementet om å endre Forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenning. Forslaga til endring er grunna i råd fra ei arbeidsgruppe nedsett av departementet i 2006, som hadde til oppgave å vurdere rammene for utøving av bruksretter i statsallmenninger, under dette fjellova si føresegn om at bruksrettene skal kunne nyttast i samsvar med rasjonell bruk og etter tida og tilhøva. Arbeidsgruppa besto av medlemmer frå Fjellstyresambandet, Norges Bondelag, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norske Reindriftsamers Landsforbund, Norsk allmenningsforbund, Statskog SF og Statens landbruksforvaltning. Endringene skal gi større rom for næringsutvikling i statsallmenningane.

Fleirtalet i gruppa (alle unntatt Statskog SF) uttalte at "allmenningsbruken ikke er bundet til de tradisjonelle bruksmåtene som det kan føres bevis for", og at for eksempel utvisning av tilleggsjord derfor må anerkjennast som ein bruksrett. Gruppa viste til følgjande bruksformer som no må akseptast som ein del av bruksrettane (sitat):

- utvisning av tilleggsjord til oppdyrking eller kultivering til beite og inngjerding
- oppføring av gjødselkum
- oppføring av fellesfjøs
- utnytting av vannkraft i liten skala til produksjon av strøm til dekning av dei bruksberettigede sitt jordbruksmessige behov
- oppføring av gjetarbu
- matforedlingsmuligheter på seter
- turisme/gardskule med seteroppald

- natthamning.

Fleirtalet i gruppa ville generelt at det blir opna for at bruksrettane kan bli endra etter kvart som behov melder seg. Av gruppas fleirtal slutta representanten frå Statens landbruksforvaltning seg ikkje til at oppføring av fellesfjøs og utnytting av vasskraft er ein bruksrett.

### **Departementet sine vurderingar**

Arbeidsgruppa arbeidde med sin rapport parallelt med at einskilde endringar i forskrifta var på høyring i 2006. Nokre av råda frå arbeidsgruppa blei følgde opp i samband med endringane i forskrifta i 2007. Fleirtalet sine forslag knytt til omdisponering av seterhus med sikte på moglegheiter for foredling av mat på seter og omdisponering av seterhus til opplegg med turisme/gardskule med seteropphald blei såleis tatt inn ved endringa i forskrifta i mars 2007. Departementet sine vurderingar ut over dette og hovudtrekk i oppfølging av den nemnde rapporten er omtala nedafor.

**Gjetarbu, natthamning, utvising av areal til kultivering av beite og inngjerding m.m.** Departementet følgjer opp fleirtalsforslaga knytt til tilgang til oppføring av gjetarbu, areal til oppføring av gjødselkum, natthamning, og utvising av areal til kultivering av beite og inngjerding i høyringa, og knyt dette til bruksretten i statsallmenningane.

Utvising av areal som berre skal nyttast til beite blir behandla av fjellstyret etter føresegnene om beite. Inngjerding av beite for å førebyggje t. d. rovdyrskadar er etter departementet si vurdering ei form for grunndisponering som normalt vil krevje løyve frå m. a. Statskog som grunneigar. Statskog må leggje stor vekt på fjellstyret si tilråding og skal ikkje ta noka grunnavgift for slike løyve.

Reglane føreset ut over dette at det som blir utvist blir teke i bruk. Departementet er kjend med at det i enkelte høve kan oppstå ein diskusjon om det tilviste er i bruk eller ikkje, jf. §§ 5 og 9. Departementet meiner det må vere opp til fjellstyret å vurdere dette og har ikkje laga detaljerte reglar på dette punktet.

**Tilleggsjord** Departementet gjer merksam på at det i denne høyringa er lagt til grunn at tilleggsjord er jord som blir nytta til produksjon av for som blir hausta og frakta bort frå arealet.

Forslaget frå fleirtalet i arbeidsgruppa om at tilleggsjord er ein bruksrett føreset etter departementet si vurdering ei lovendring. Departementet sitt syn er at når ein eigar av eit bruk med allmenningsrett ønskjer å utvide sitt produksjonsareal kan det utvisast eit areal dersom dette ikkje reduserer beitearealet for dei andre med allmenningsrett. Ein slik eksklusiv rett til å disponere over eit avgrensa areal er historisk og juridisk sett ikkje ein bruksrett. Dette går etter departementet sitt syn fram av både lovtekstane og forarbeida til fjelloven. Departementet syner også til lovproposisjonen om

*allmenningslovene frå 1992 (Ot. prp. nr. 37 (1991-92) der det heilt utvitydig er sagt i kommentarane til den tilsvarande føresegna for bygdeallmenningar:*

*"Som det fremgår av ordlyden i første og annet ledd er utvisning av dyrkingsjord og kulturbeite noe som ikke kan kreves i kraft av bruksrett i allmenningen, men som det kan søkes om og hvor de nærmere vilkår fastsettes i avtale."*

*Departementet er kjent med at fleire av organisasjonane som deltok i arbeidsgruppa ser på rett til tilleggsjord som ei viktig prinsippsak når det gjeld forståinga av bruksrett. Spørsmålet om utvising av tilleggsjord er ein bruksrett eller ikkje spelar likevel i praksis lita rolle. Statskog SF tar i dag ikkje betalt for utvising av tilleggsjord, med mindre utvisinga fører til tapt skogproduksjon, og er ope for alle spørsmål om dette dersom vedkommande allmenning har tilstrekkeleg med egna areal. Departementet legg til grunn at denne praksisen om ikkje å ta betalt for utvising blir ført vidare, og at dei som ønskjer å få utvist dyrkingsjord og kulturbeite til vanleg kan rekne med å få egna areal utvist. I høyringsutkastet er det lagt opp til at det i framtida skal vere fjellstyret som utviser tilleggsjord. Mynde blir med dette flytta frå Statskog til fjellstyret. Eit siktemål er å gi større rom for lokale vurderingar og skjøn, og sikre ein praksis som opnar for at tilleggsjord blir stilt til rådvelde for dei som er interesserte.*

*Uavhengig av spørsmålet om bruksrett er det vidare kommunen som landbruksstyresmakt som skal godkjenne oppdyrking etter forskrift om nydyrking fastsett i medhald av jordlova.*

**Vasskraft** *Forslaget frå fleirtalet knytt til utnytting av vasskraft føreset etter departementet si vurdering også ei lovendring. I fjellova av 1975, § 12, som omhandlar grunn disponeringstiltak, blei det eksplisitt teke inn at tiltak – under dette tiltak som gjeld vassdrag - berre kan skje når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett. Rettstilstanden er at utnytting av vasskrafta i ein statsallmenning er ein ressurs som staten som grunneigar rår over. Den enkelte med bruksrett har ikkje nokon eksklusiv rett til å utnytte vasskraft. Tilsvarande gjeld i bygdeallmenningane der vasskrafta blir forvalta av allmenningsstyret på vegne av alle dei som har bruksrett. Departementet finn derfor ikkje å kunne legge til grunn at tiltak i vassdrag som til dømes kraftutbygging er ein bruksrett.*

*Statskog SF har opplyst til departementet at det til no ikkje har vore nokon konkrete søknader om utnytting av vasskraft knytt til jordbruksdrift. Departementet legg likevel til grunn, som fleirtalet i arbeidsgruppa, at det i enkelte tilfelle kan vere rasjonelt at t.d. ei seter eller ei setergrend utnytter nærliggjande vassfall til produksjon av elektrisk kraft. Føresetnaden må vere at utnytting av vassfallet ikkje er til skade eller ulempe for andre med bruksrett. Departementet meiner òg det er rimeleg at den som får løyve til utnytting av eit vassfall, og har inntekter eller klare fordelar av dette, skal*

*betale ein konkret sum til grunneigaren. For mindre anlegg som berre skal forsyne ei seter med strøm skal Statskog ikkje ha vederlag. Departementet følgjer opp dette i denne høyringa ved å utvide merknadene/retningslinene for praktisering av forskrifta.*

## **NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG SIN VURDERING.**

Seterforskrifta" ble sist endra i mars 2007, jf. rundskriv M-3/2007. Da ble det gjort enkelte endringer i omgrep, en del språklige endringer og flere viktige endringer i merknadene om praktiseringa av forskrifta. Dette omfatta m.a. lemping på kravet til mjølkeproduksjon på seter, at det skal kunne utvisest seter der det ligg til rette for ein kombinasjon av jordbruksmessig og småskala turistmessig utnytting av seter i statsallmenning, og at det normalt bør bli gitt tillatelse til ombygging/ominnreiing av bygninger det ikke lenger er bruk for til seterformål, slik at desse kan tene hovudbruket på annen måte.

Norsk Bonde- og Småbrukarlag støtter disse endringane, og mener dette er gode eksempler på det dynamiske elementet i "tida og tilhøva".

Landbruket i allmenningsbygdene står overfor store utfordringer. Norsk Bonde- og Småbrukarlag mener det er mulig å møte disse utfordringene med en mer dynamisk holdning til de rammer lovverket setter til utvikling av bruksrett, gjennom å gi rom for etablering av ny bruksutøvelse. Dette er helt sentralt. Verdien av bruksrettene vil bli mindre etter hvert som de tradisjonelle bruksformene blir mindre aktuelle. Hele poenget med lovgivers formulering om at bruksrettene skulle utvikle seg med "tida og tilhøva" var nettopp at de bruksberettigede skulle – som fra gammelt av – kunne utnytte ressursene i statsallmenningene i tråd med de behov de til enhver tid har. Helt presist har arbeidsgruppa flertall beskrevet dette slik:

*"Med formuleringen "til kvar tid" i fjellovens § 2 er det sagt på en tydelig måte at allmenningsbruken ikke er bundet til de tradisjonelle bruksformene som det kan føres bevis for. Har man først allmenningsrett, omfatter den rett til slik benyttelse av allmenningen som eiendommens jordbruksmessige behov og aktuelle driftsmåte gjør naturlig."*

Norsk Bonde- og Småbrukarlag støtter flertallet i arbeidsgruppa på dette punktet.

### **Nytt navn på forskriften.**

Forskriften som er på høring heter, "Forskrift om seter og tilleggsjord m.m i statsallmenning".

Norsk Bonde- og Småbrukarlag vil foreslå at forskriften får nytt navn: "Jordbrukstilknyttede bruksretter i statsallmenningen". Med en slik navneendring vil en signalisere en romsligere definisjon av bruksretten. Hva som skal være utviklinga av bruksretten, tida og tilhøve, vil være det som offentlige myndigheter til en hver tid definerer som jordbruk/jordbrukstilknyttede næring.

### **Konkrete forslag**

Av arbeidsgruppas forslag er det 3 helt vesentlige forslag som departementet ikke følger opp. Dette er.

- utvisning av tilleggsjord til oppdyrking eller kultivering til beite og inngjerding
- oppføring av fellesfjøs
- utnytting av vannkraft i liten skala til produksjon av strøm til dekning av dei bruksberettigede sitt jordbruksmessige behov

### **Tilleggsjord - Fellesfjøs**

Departementet mener tilleggsjord ikke er en bruksrett og at det vil kreve en lovendring. Departementet viser videre til at Statsskog i dag ikke tar betalt for utvisning av tilleggsjord. Norsk Bonde- og Småbrukarlag er uenig i departementets syn mht. tilleggsjord og bruksrett, og mener det må slås fast at tilleggsjord er en bruksrett. Høsting av gras på egen seterkrve eller fra utmark har lange tradisjoner i allmenningsbygdene. De fleste steder ble foret kjørt hjem til bruket på vinterstid. Selvom det i dag ikke kreves avgift for tilleggsjord, er ikke det noe argument for at det ikke er en bruksrett. Ved å slå fast at tilleggsjord er en bruksrett, fjerner departementet framtidig usikkerhet for de bruksberettigede.

**Norsk Bonde- og Småbrukarlag ber departementet slå fast at tilleggsjord og fellesfjøs er bruksretter.**

### **Vannkraft til dekking av jordbruksmessige behov.**

Departementet mener at vannkraft til dekking av jordbruksmessige behov ikke er en bruksrett. Departementet mener videre at slike mikrokraftverk skal Statskraft ikke ha noe vederlag for.

Fra gammel tid hentet en trevirke til varme og matlaging til eget forbruk enten det var på seter eller bruket. Ny teknologi har gjort bygging av mikrokraftverk økonomisk lønnsomt. Bygging av mikrokraftverk, til eget forbruk, er etter vår mening bare en naturlig utvikling av bruksretten, etter tida og tilhøve.

**Norsk Bonde- og Småbrukarlag ber departementet slå fast at vannkraft til dekning av jordbruksmessige behov er en bruksrett.**

### **Gjeterbu, natthamning, kultivering av beite, gjødselkum og inngjerding**

Det er positivt at departementet følger opp flertallet i arbeidsgruppa når det gjelder oppføring av gjeterbu, areal til oppføring av gjødselkum, natthamning, utvisning av areal til kultivering av beite og inngjerding.

Norsk Bonde- og Småbrukarlag mener at tillatelse til oppføring av nødvendig gjerde for utøvelse av beiteretten skal gis av fjellstyret (§5)

### **Andre endringsforslag.**

- § 11 om hus på seter som ikke er i bruk og ikke fallen i det fri  
Etter § 11 skal fjellstyret og Statskog i fellesskap avgjøre om seterbrukeren kan utvide seterhusa eller sette opp et nytt seterhus på visse vilkår.  
**Norsk Bonde- og Småbrukarlag foreslår at så lenge setra ikke har falle i det fri, skal kompetansen til å avgjøre slike søknader ligge til fjellstyra.**
- § 21 leie av jord for jordbruker uten beiterett  
Her er kompetansen til å avgjøre søknad lagt til Statskog. "Med samtykke frå fjellstyret kan Statskog gjere vedtak om utleige av tilleggsjord til jordbrukar utan beiterett". Det er ulogisk og uheldig for sakshandsaming overfor ikkje-bruksberettige at det i slike saker er Statskog som avgjør.  
**Norsk Bonde- og Småbrukarlag foreslår at slike saker avgjøres av fjellstyret.**
- § 24 endring og ominnredning av bestående hus  
Hus som ikke lenger er i bruk i forbindelse med seteraktiviteten må like fullt være en del av bruksretten. Det er derfor ulogisk at det skal betalest avgift, ei avgift som Statskog skal fastsette. Departementet har tidligere åpnet for utvisning av seter i en kombinasjon av jordbruksmessig og småskala turisme. Det å ominnrede uthus til hus for utleie, er jo eksempler på småskala turisme. Vi støtter selvfølgelig vilkåret om at hus ikke skal skilles fra de andre hus.

**Norsk Bonde- og Småbrukarlag mener at det ikke skal betales avgift av ominnrede hus, da slike hus er en del av bruksretten som departementet tidligere har godkjent.**

Norsk Bonde- og Småbrukarlag vil understreke den vanskelige situasjonen som jordbruket i mange allmenningsbygder er i. Det er et stort behov for utvidelse av næringsgrunnlaget samt en bedre tilrettelegging for bruk av lokale ressurser. En modernisering av bruksrettene er et viktig virkemiddel for å oppnå dette. Dette vil også være en del av innholdet Landbruks- og matdepartementets sin næringsutviklingsstrategi.

Med vennlig hilsen

  
Olaf Gødli

John Petter Løvstad